



Kultursjef Bringedal opnar fritidsmessa.

I dag har eg tilbrakt ein god del av dagen i og rundt kultursenteret på Husnes på fritidsmessa som vart arrangert der. Det angrar eg slett ikkje på! Det var rett og slett kjekt å vera der. I tillegg til flotte opplevingar fekk eg også gode påminningar om variasjonen og mangfaldet i det rike lags- og kulturlivet vi har i kommunen vår.



Kulturskulen sitt marimbaorkester opptredde for første gong

Det var gjort nokre endringar i høve til fritidsmessene før om åra. Den var flytta frå Husneshallen og til kultursenteret, altså kulturhuset, kulturskulen, ungdomsenteret, biblioteket og området rundt. Dessutan hadde dei skifta dag frå ein vekedag til laurdag. Så langt eg kan skjønna, var begge deler vellukka. Det var dei ulike fagområda i Verksemda for kultur og fritid som samarbeidde om arrangementet.

Starten føregjekk i festsalen i kulturhuset. Etter at Linn Stene Hellås hadde ønskt velkommen og kultursjef Kristan Bringedal hadde halde opningstale fekk vi ei feiande flott musikalsk opning ved kulturskulen sitt marimbaorkester under spretten leiing av lærar Mauricio Weimar. Etter at Weimar frå Brasil vart tilsett i haust gjekk kulturskulen til innkjøp av 5 afrikanske marimbaer frå Zimbabve. Etter dei kunne vi høyra Husnes skulekorps og sjå linedance i festsalen før vi kunne høyra messingelevar i foajeen på veg til den første av to konsertar i konsertsalen i kulturskulebygget. På desse to konsertane fekk vi høyre mange flinke elevar på dei fleste av instrumenta det vert undervist i.

Mellom dei to konsertane var det først utekonsert med bandet The Awesome Three, ein trio som imponerte frå dei kalla fram sola med Beatles-låten Here comes the sun til dei avslutta med reggae av Bob Marley. Før andre konsert i kulturskulesalen var det også tid til gjenhøyr med marimbaorkesteret, denne gongen i foajeen i kulturskulebygget.

Over 35 lag og organisasjonar hadde standar og presenterte sine aktivitetar. Her kunne ein koma i kontakt med alt frå paragliding og dykking til brettspel. Badmintonklubb var på plass, og det var også søndagsskule, fotoklubb, mållag, turlag, ja, eg må mest sei alt mogeleg. Sjølv sagt var også store aktivitetar innan musikk og idrett representert.

Programmet var så rikholdig at eg klarte slett ikkje vinna over alt. Det var heller ikkje mogeleg. Eg gjekk glipp av både teaterframsyninga i biblioteket, slagverksframføring og dans. Aktivitetane som føregjekk i ungdomsenteret heile dagen, gjekk eg også glipp av. Der hadde også MOT stand. Derimot fekk eg til slutt tid til lapskausen som vart selt. Den smakte herleg! Det gjorde heilt sikkert også pizzaen, kakene, vaflene og alt det andre. Dette sette spiss på ein flott dag som minna oss om kor mykje kommunen vår har å by på på dette området, og ikkje minst alt det gode og verdfulle frivillige arbeidet som vert gjort.

For å visa eit lite utval av alt som føregjekk, har eg lagt ut eit biletgalleri på rundt 20 bilete. De finn det ved [å klikka på BILETGALLERI](#) i venstre kolonne.



Festdalen var på plass på stand.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.